

DELEGERT KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 1061/2010**2017/EØS/29/34****av 28. september 2010****om utfylling av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU med omsyn til energimerking av hushaldsvaskemaskiner(*)**

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/30/EU av 19. mai 2010 om merking av og standardiserte vareopplysningar på energirelaterte produkt, som viser forbruket deira av energi og andre ressursar⁽¹⁾, særleg artikkel 10, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Direktiv 2010/30/EU krev at Kommissjonen vedtek delegerte rettsakter med omsyn til merking av energirelaterte produkt som representerer eit viktig potensial for energiøkonomisering, og som har store skilnader i prestasjonsnivåa med tilsvarende funksjonalitet.
- 2) Ved kommisjonsdirektiv 95/12/EF av 23. mai 1995 om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av hushaldsvaskemaskiner⁽²⁾ vart det innført føresegner om energimerking av hushaldsvaskemaskiner.
- 3) Elektrisitetsforbruket til hushaldsvaskemaskiner utgjer ein stor del av det samla behovet for hushaldslektrisitet i Unionen. I tillegg til dei betringane i energieffektiviteten som alt er oppnådde, er det godt mogleg med ein endå større reduksjon av energiforbruket til hushaldsvaskemaskiner.
- 4) Direktiv 95/12/EF bør opphevast, og nye føresegner bør fastsetjast ved denne forordninga, for såleis å sikre at energimerkinga gjev leverandørane eit dynamisk stimulerings tiltak for å gjere hushaldsvaskemaskiner endå meir energieffektive, og for å framskunde omlegginga av marknaden i retning av ein energieffektiv teknologi.

- 5) Kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar høyrer inn under verkeområdet for kommisjonsdirektiv 96/60/EF av 19. september 1996 om gjennomføringsreglar for rådsdirektiv 92/75/EØF med omsyn til energimerking av kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar⁽³⁾, og bør difor ikkje omfattast av verkeområdet for denne forordninga. Etersom desse apparata har liknande funksjonar som hushaldsvaskemaskiner bør likevel direktiv 96/60/EF reviderast så snart som mogleg.
- 6) Dei opplysningane som er oppførte på etiketten, bør byggje på pålitelege, nøyaktige og reproduerbare målemetodar som tek omsyn dei nyaste allment sannkjende metodane, medrekna eventuelle harmoniserte standardar vedtekne av europeiske standardiseringsorgan som er nemnde i vedlegg I til europaparlaments- og rådsdirektiv 98/34/EF av 22. juni 1998 om en informasjonsprosedyre for standarder og tekniske forskrifter samt regler for informasjonssamfunnstjenester⁽⁴⁾.
- 7) Ved denne forordninga bør det fastleggjast ei einsarta utforming av og eit einsarta innhald på etiketten til hushaldsvaskemaskiner.
- 8) I tillegg bør denne forordninga innehalde krav til den tekniske dokumentasjonen og databladet for hushaldsvaskemaskiner.
- 9) Denne forordninga bør dessutan omfatte krav til dei opplysningane som skal gjevast ved alle former for fjernsal og reklame og i teknisk salsfremjande materiell for hushaldsvaskemaskiner.
- 10) Det bør fastsetjast føresegner om ny vurdering av føresegnene i denne forordninga, samstundes som det vert teke omsyn til dei teknologiske framstega.
- 11) For å lette overgangen mellom direktiv 95/12/EF og denne forordninga bør hushaldsvaskemaskiner som er merkte i samsvar med denne forordninga, reknast for å oppfylle krava i direktiv 95/12/EF.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 314 av 30.11.2010, s. 47, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 218/2012 av 7. desember 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 18 av 21.3.2013, s. 21.

⁽¹⁾ TEU L 153 av 18.6.2010, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 47 av 24.2.1996, s. 35.

⁽³⁾ TEF L 266 av 18.10.1996, s. 1.

⁽⁴⁾ TEF L 204 av 21.7.1998, s. 37.

12) Direktiv 95/12/EF bør difor opphevast —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

1. Ved denne forordninga vert det innført krav til merking av og oppføring av utfyllande produktopplysningar på nettdrivne hushaldsvaskemaskiner og nettdrivne hushaldsvaskemaskiner som òg kan drivast med batteri, medrekna vaskemaskiner som vert selde til annan bruk enn hushaldsbruk, og innbygde hushaldsvaskemaskiner.

2. Denne forordninga skal ikkje nyttast på kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga skal dei definisjonane som er fastsette i artikkel 2 i direktiv 2010/30/EU, nyttast. Vidare tyder:

- 1) «hushaldsvaskemaskin» ei automatisk vaskemaskin som vaskar og skyl tekstilar med vatn, som i tillegg har ein sentrifugeringsfunksjon, og som er utforma hovudsakleg for heimebruk,
- 2) «innbygd hushaldsvaskemaskin» ei hushaldsvaskemaskin som er meint for installasjon i eit innbyggingsskap eller i ei eiga nisje i ein vegg eller liknande som er meint for dette føremålet, og som krev montering av frontpanel,
- 3) «automatisk vaskemaskin» ei vaskemaskin som fullfører heile vaskeprosessen utan at brukaren treng gjere noko på noko stadium i utføringa av programmet,
- 4) «kombinert hushaldsvaskemaskin/-tørketrommel» ei hushaldsvaskemaskin som omfattar både ein sentrifugeringsfunksjon og ein funksjon for tørking av tekstilar, vanlegvis ved oppvarming og rotering i trommel,
- 5) «program» ein serie funksjonar som er førehandsdefinerte, og som leverandøren reknar som eigna til vask av visse typar tekstilar,
- 6) «syklus» heile prosessen med vask, skyljing og sentrifugering, slik det er definert for det valde programmet,
- 7) «programtid» den tida programmet tek frå det vert starta til det er fullført, bortsett frå eventuell brukarprogrammert utsett start,
- 8) «nominell kapasitet» den høgste massen i kilogram, i intervall på 0,5 kg tørre tekstilar av ein viss type som, etter opplysningar frå leverandøren, kan vaskast i ei hushaldsvaskemaskin med eit valt program når maskina er fylt i samsvar med tilvisingane frå leverandøren,
- 9) «halv maskin» halvparten av den nominelle kapasiteten til ei hushaldsvaskemaskin ved bruk av eit visst program,
- 10) «restfukttinhald» den fuktmengda som finst att i vasken etter sentrifugering,
- 11) «avslått tilstand» ein tilstand der hushaldsvaskemaskina er slått av ved hjelp av knappar eller brytarar som er tilgjengelege på apparatet og meinte for sluttbrukaren ved normal bruk, for å oppnå eit lågast mogleg effektforbruk, som kan vare i eit ikkje fastsett tidsrom medan hushaldsvaskemaskina er kopla til ei energikjelde og vert nytta i samsvar med tilvisingane frå leverandøren; dersom det ikkje finst slike brytarar eller knappar tilgjengelege for sluttbrukaren, tyder «avslått tilstand» den tilstanden som tek til når hushaldsvaskemaskina av seg sjølv går tilbake til det effektforbruket som gjeld når ho ikkje er i bruk,
- 12) «ikkje-avslått tilstand» den tilstanden som har det lågaste effektforbruket, og som kan haldast uendra i eit ikkje nærmare fastsett tidsrom etter at programmet er fullført, utan at sluttbrukaren har gjort noko anna enn å tømme hushaldsvaskemaskina,
- 13) «tilsvarande hushaldsvaskemaskin» ein hushaldsvaskemaskinmodell som er bringa i omsetning med same nominelle kapasitet, tekniske eigenskapar og yting, energi- og vassforbruk og utslepp av luftboren akustisk støy under vask og sentrifugering som ein annan hushaldsvaskemaskinmodell som den same leverandøren har bringa i omsetning med ein annan handelskode,
- 14) «sluttbrukar» ein forbrukar som kjøper eller er venta å kjøpe ei hushaldsvaskemaskin,
- 15) «utsalsstad» ein stad der hushaldsvaskemaskiner vert stilte ut eller tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling.

*Artikkel 3***Ansvarer til leverandørane**

Leverandørane skal syte for at

- a) kvar hushaldsvaskemaskin er utstyrt med ein prenta etikett i det formatet og med dei opplysningane som er fastsette i vedlegg I,
- b) det vert utarbeidd eit produktdatablad, slik det er fastsett i vedlegg II,
- c) den tekniske dokumentasjonen som er fastsett i vedlegg III, på oppmoding vert gjord tilgjengeleg for styresmaktene i medlemsstatane og for Kommissjonen,
- d) all reklame for ein viss hushaldsvaskemaskinmodell har opplysningar om energieffektivitetsklasse dersom reklamen inneheld opplysningar om energibruk eller pris,
- e) alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss hushaldsvaskemaskinmodell som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til maskina, inneheld opplysningar om energieffektivitetsklassen til denne modellen.

*Artikkel 4***Ansvarer til forhandlarane**

Forhandlarane skal syte for at

- a) kvar einskild hushaldsvaskemaskin på utsalsstaden er påført den etiketten som leverandøren har utarbeidd i samsvar med artikkel 3 bokstav a), utvendig på framsida eller oversida av hushaldsvaskemaskina, slik at han er godt synleg,
- b) hushaldsvaskemaskiner som vert tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling på ein slik måte at det ikkje kan ventast at sluttbrukaren får sjå produktet stilt ut, vert marknadsførte med dei opplysningane som leverandørane skal gje i samsvar med vedlegg IV,
- c) all reklame for ein viss hushaldsvaskemaskinmodell har ei tilvising til energieffektivitetsklassen til maskina dersom reklamen inneheld opplysningar om energibruk eller pris,
- d) alt teknisk salsfremjande materiell om ein viss hushaldsvaskemaskinmodell som omtalar dei særskilde tekniske parametrane til maskina, inneheld ei tilvising til energieffektivitetsklassen til denne modellen.

*Artikkel 5***Målemetodar**

Dei opplysningane som skal gjevast i medhald av artikkel 3 og 4, skal byggje på pålitelege, nøyaktige og reproduerbare

målemetodar som tek omsyn til dei nyaste allment sannkjende metodane.

*Artikkel 6***Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål**

Medlemsstatane skal nytte den framgangsmåten som er fastsett i vedlegg V ved samsvars vurdering av den opplyste energieffektivitetsklassen, det årlege energiforbruket, det årlege vassforbruket, sentrifugeringsevneklassen, effektforbruket i avslått tilstand og ikkje-avslått tilstand, tidslengda i ikkje-avslått tilstand, restfuktinnhaldet, sentrifugeringstalet og utsleppa av luftboren akustisk støy.

*Artikkel 7***Revisjon**

Kommissjonen skal vurdere denne forordninga på nytt i lys av den teknologiske utviklinga seinast fire år etter at ho tek til å gjelde. Vurderinga skal særleg omfatte dei verifiseringstoleransane som er fastsette i vedlegg V.

*Artikkel 8***Oppheving**

Direktiv 95/12/EF vert oppheva frå 20. desember 2011.

*Artikkel 9***Overgangsføresegner**

1. Artikkel 3 bokstav d) og e) og artikkel 4 bokstav b), c) og d) skal ikkje nyttast på prenta reklame og prenta teknisk salsfremjande materiell som vert offentleggjort før 20. april 2012.
2. Hushaldsvaskemaskiner som vert bringa i omsetning før 20. desember 2011, skal vere i samsvar med dei føresegnene som er fastsette i direktiv 95/12/EF.
3. Dersom det vert vedteke eit gjennomføringstiltak for europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/125/EF⁽¹⁾ med omsyn til krav til miljøvenleg utforming av hushaldsvaskemaskiner, skal hushaldsvaskemaskiner som er i samsvar med føresegnene i dette gjennomføringstiltaket når det gjeld krava til vaskeevne, og med føresegnene i denne forordninga, og som er bringa i omsetning eller tilbodne for sal, leige eller kjøp på avbetaling før 20. desember 2011, reknast for å oppfylle krava i direktiv 95/12/EF.

⁽¹⁾ TEU L 285 av 31.10.2009, s. 10.

*Artikkel 10***Ikraftsetjing og bruk**

1. Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.
2. Ho skal nyttast frå 20. desember 2011. Artikkel 3 bokstav d) og e) og artikkel 4 bokstav b), c) og d) skal nyttast frå 20. april 2012.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 28. september 2010.

For Kommisjonen


José Manuel BARROSO

President

VEDLEGG I

Etikett

1. ETIKETT



1) Opplysningane nedanfor skal vere påførte etiketten:

I. Namnet eller varemerket til leverandøren.

II. Modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss hushaldsvaskemaskinmodell frå andre modellar med same varemerke eller leverandørnamn.

III. Energieffektivitetsklassen som er fastsett i samsvar med nr. 1 i vedlegg VI; pila som viser energieffektivitetsklassen til hushaldsvaskemaskina, skal plasserast jamhøgt med pila som viser den aktuelle energieffektivitetsklassen.

IV. Det vegne, årlege energiforbruket (AE_C), uttrykt i kWh per år, avrunda oppover til nærmaste heiltal i samsvar med vedlegg VII.

V. Det vegne, årlege vassforbruket (AW_C), uttrykt i liter per år, avrunda oppover til nærmaste heiltal i samsvar med vedlegg VII.

VI. Nominell kapasitet, uttrykt i kg ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med full maskin, alt etter kva som er lågast.

VII. Sentrifugeringsevneklassen, fastsett i samsvar med nr. 2 i vedlegg VI.


VIII. Utslepp av luftboren akustisk støy under vask og sentrifugering, ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, uttrykt i dB(A) re 1 pW og avrunda til nærmaste heiltal.

2) Etiketten skal utformast i samsvar med nr. 2. Som eit unntak gjeld likevel at dersom ein modell er tildelt eit «EU-miljømerke» i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 66/2010⁽¹⁾, kan ein kopi av EU-miljømerket påførast i tillegg.

2. UTFORMING AV ETIKETTEN

Etiketten skal utformast slik figuren nedanfor viser.

⁽¹⁾ TEU L 27 av 30.1.2010, s. 1.



Forklaringar:

- a) Etiketten skal vere minst 110 mm brei og 220 mm høg. Dersom etiketten vert prenta i eit større format, må innhaldet likevel ha dei proporsjonane som er oppførte ovanfor.
- b) Bakgrunnen skal vere kvit.
- c) Fargane skal vere CMYK – cyan, magenta, gult og svart, som i dette dømet: 00-70-X-00: 0 % cyan, 70 % magenta, 100 % gult, 0 % svart.
- d) Etiketten skal oppfylle alle krava nedanfor (tala viser til figuren ovanfor):

1 **Kantlinje:** 5 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.

2 **EU-logo** — fargar: X-80-00-00 og 00-00-X-00.

3 **Energilogo:** farge: X-00-00-00.

Piktogram slik figuren viser: EU-logo og energilogo (til saman): breidd: 92 mm, høgde: 17 mm.

4 **Linje under logoane:** 1 pkt. — farge: 100 % cyan — lengde: 92,5 mm.

5 **Skala frå A til G**

– **Pil:** høgde: 7 mm, mellomrom: 0,75 mm — fargar:

– Høgste klasse: X-00-X-00,

– Andre klasse: 70-00-X-00,

– Tredje klasse: 30-00-X-00,

– Fjerde klasse: 00-00-X-00,

– Femte klasse: 00-30-X-00,

– Sjette klasse: 00-70-X-00,

– Lågaste klasse: 00-X-X-00.

– **Tekst:** Calibri feit skrift 18 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 12 pkt., versalar, kvit, justert på éi linje.

6 **Energieffektivitetsklasse**

– **Pil:** breidd: 26 mm, høgde: 14 mm, 100 % svart.

– **Tekst:** Calibri feit skrift 29 pkt., versalar og kvit; «+»-symbol: Calibri feit skrift 18 pkt., versalar, kvit, justert på éi linje.

- 7 Energi:** tekst: Calibri normal 11 pkt., versalar, 100 % svart.
- 8 Vege, årleg energiforbruk**
- **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 42 pkt., 100 % svart; og Calibri normal 17 pkt., 100 % svart.
- 9 Vege, årleg vassforbruk**
- **Piktogram slik figuren viser**
 - **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 24 pkt., 100 % svart; og Calibri normal 16 pkt., 100 % svart.
- 10 Nominell kapasitet**
- **Piktogram slik figuren viser**
 - **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 24 pkt., 100 % svart; og Calibri normal 16 pkt., 100 % svart.
- 11 Sentrifugeringsevneklasse**
- **Piktogram slik figuren viser**
 - **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri normal 16 pkt., vassrett skala 75 %, 100 % svart og Calibri feit skrift 22 pkt., vassrett skala 75 %, 100 % svart.
- 12 Utslepp av luftboren akustisk støy**
- **Piktogram slik figuren viser**
 - **Kantlinje:** 2 pkt. — farge: 100 % cyan — avrunda hjørne: 3,5 mm.
 - **Verdi:** Calibri feit skrift 24 pkt., 100 % svart; og Calibri normal 16 pkt., 100 % svart.
- 13 Namnet eller varemerket til leverandøren**
- 14 Modellnemninga til leverandøren**
- 15** Namnet eller varemerket til leverandøren og modellnemninga bør få plass i eit felt på 92 × 15 mm.
- 16 Nummeret til forordninga:** Calibri feit skrift 12 pkt., 100 % svart.
-

VEDLEGG II

Produktdatablad

1. Opplysningane i produktdatabladet for hushaldsvaskemaskina skal først opp i følgjande rekkjefølgje, og skal takast med i produktbrosjyren eller andre dokument som følgjer med produktet:
 - a) Namnet eller varemerket til leverandøren.
 - b) Modellnemninga til leverandøren, dvs. koden, vanlegvis alfanumerisk, som skil ein viss hushaldsvaskemaskinmodell frå andre modellar med same varemerke eller leverandørnamn.
 - c) Nominell kapasitet, uttrykt i kg ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med full maskin, alt etter kva som er lågast.
 - d) Energieffektivitetsklassen, i samsvar med nr. 1 i vedlegg VI.
 - e) Dersom hushaldsvaskemaskina er vorten tildelt eit «EU-miljømerke» i medhald av forordning (EF) nr. 66/2010, kan det opplysast om dette her.
 - f) Det vegne, årlege energiforbruket (AE_C), uttrykt i kWh per år, avrunda oppover til nærmaste heiltal; det skal omtalast som «Energiforbruk "X" kWh per år, på grunnlag av 220 standardvaskesyklusar ved bruk av programmet for bomull ved 60 °C og ved 40 °C med full og halv maskin, og med innstillingar for lågt effektforbruk. Det faktiske energiforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta.».
 - g) Energiforbruket ($E_{t,60}$, $E_{t,60^{1/2}}$, $E_{t,40^{1/2}}$) ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full og halv maskin, og ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.
 - h) Det vegne effektforbruket i avslått tilstand og ikkje-avslått tilstand.
 - i) Det vegne, årlege vassforbruket (AW_C), uttrykt i liter per år, avrunda oppover til nærmaste heiltal; det skal omtalast som «Vassforbruk "X" liter per år, på grunnlag av 220 standardvaskesyklusar ved bruk av programmet for bomull ved 60 °C og ved 40 °C, begge med full og halv maskin. Det faktiske vassforbruket er avhengig av korleis apparatet vert nytta.».
 - j) Sentrifugeringsevneklassen, slik det er fastsett i samsvar med nr. 2 i vedlegg VI, uttrykt som «Sentrifugeringsevneklasse "X" på ein skala frå G (minst effektiv) til A (mest effektiv)». Desse opplysningane kan uttrykkest på andre måtar, så sant det går tydeleg fram at skalaen går frå G (minst effektiv) til A (mest effektiv).
 - k) Det høgste sentrifugeringstalet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin, alt etter kva som er lågast, og restfuktinnhaldet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin, alt etter kva som er høgst.
 - l) Opplysningar om at «standardprogrammet for bomull ved 60 °C» og «standardprogrammet for bomull ved 40 °C» er dei standardprogramma for vask som opplysningane på etiketten og i databladet gjeld, at desse programma høver til vask av normalt skite bomullstøy, og at desse er dei mest effektive programma når det gjeld kombinert energi- og vassforbruk.
 - m) Programtida for «standardprogrammet for bomull ved 60 °C» med full og halv maskin, og «standardprogrammet for bomull ved 40 °C» med halv maskin, opplyst i minuttar og avrunda til nærmaste minutt.
 - n) Tidslengda i ikkje-avslått tilstand (T) dersom hushaldsvaskemaskina er utstyrt med eit straumsparingssystem.
 - o) Utslepp av luftborene akustiske støy under vask og sentrifugering ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, uttrykt i dB(A) re 1 pW og avrunda til nærmaste heiltal.
 - p) Dersom hushaldsvaskemaskina er meint for innbygging, skal det opplysast om dette.
2. Eitt og same datablad kan omfatte fleire hushaldsvaskemaskinmodellar frå den same leverandøren.
3. Opplysningane i databladet kan gjevast i form av ein kopi av etiketten, anten i fargar eller i svart-kvitt. Når dette vert gjort, skal dei opplysningane som er oppførte i nr. 1, og som ikkje alt er påførte etiketten, òg først opp her.

VEDLEGG III

Teknisk dokumentasjon

1. Den tekniske dokumentasjonen som er nemnd i artikkel 3 bokstav c), skal omfatte følgjande:
 - a) Namnet og adressa til leverandøren.
 - b) Ein generell omtale av vaskemaskinmodellen som gjer det mogleg å identifisere han på ein enkel og eintydig måte.
 - c) Tilvisingar til eventuelle harmoniserte standardar som er nytta.
 - d) Eventuelle andre tekniske standardar og spesifikasjonar som er nytta.
 - e) Namnet på og underskrifta til den personen som har fullmakt til å gjere bindande avtaler på vegner av leverandøren.
 - f) Ei opplysning som viser om hushaldsvaskemaskinmodellen frigjev sølv-ion eller ikkje under vaskesyklusen, i følgjande form: «Dette produktet frigjev / frigjev ikkje sølv-ion under vaskesyklusen.».
 - g) Følgjande tekniske parametarar for målingar:
 - i) energiforbruk,
 - ii) programtid,
 - iii) vassforbruk,
 - iv) effektforbruk i avslått tilstand,
 - v) effektforbruk i ikkje-avslått tilstand,
 - vi) tidslengda i ikkje-avslått tilstand,
 - vii) restfuktinnhald,
 - viii) utslepp av luftboren akustisk støy;
 - ix) høgste sentrifugeringstal.
 - h) Resultata av utrekningane som vert utførte i samsvar med vedlegg VII.
2. Dersom dei opplysningane som er tekne med i den tekniske dokumentasjonen for ein viss hushaldsvaskemaskinmodell, er eit resultat av utrekningar på grunnlag av utforming av og/eller ekstrapolering frå andre tilsvarande hushaldsvaskemaskiner, skal dokumentasjonen omfatte opplysningar om slike utrekningar og/eller ekstrapoleringar, og om prøvingar som leverandørane har utført for å kontrollere at dei utrekningane som er gjorde, er nøyaktige. Desse opplysningane skal òg omfatte ei liste over alle tilsvarande hushaldsvaskemaskinmodellar der opplysningane er innhenta på det same grunnlaget.

VEDLEGG IV

Opplysningar som skal gjevast i tilfelle der det ikkje kan ventast at sluttbrukarane får sjå produktet stilt ut

1. Dei opplysningane som er nemnde i artikkel 4 bokstav b), skal gjevast i følgjande rekkjefølgje:
 - a) Nominell kapasitet, uttrykt i kg bomull, ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C eller ved 40 °C, begge med full maskin, alt etter kva som er lågast.
 - b) Energieffektivitetsklassen, slik det er fastsett i nr. 1 i vedlegg VI.
 - c) Det vegne, årlege energiforbruket, uttrykt i kWh per år, avrunda oppover til nærmaste heital og utrekna i samsvar med nr. 1 bokstav c) i vedlegg VII.
 - d) Det vegne, årlege vassforbruket, uttrykt i liter per år, avrunda oppover til nærmaste heital og utrekna i samsvar med nr. 2 bokstav a) i vedlegg VII.
 - e) Sentrifugeringsevneklassen i samsvar med nr. 2 i vedlegg VI.
 - f) Det høgste sentrifugeringstalet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin, alt etter kva som er lågast, og restfukttinnhaldet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin, alt etter kva som er høgst.
 - g) Utslepp av luftboren akustisk støy under vask og sentrifugering ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, uttrykt i dB(A) re 1 pW og avrunda til nærmaste heital.
 - h) Dersom hushaldsvaskemaskina er meint for innbygging, skal det opplysast om dette.
2. Dersom det vert gjeve ytterlegare opplysningar i produktdatabladet, skal desse ha den forma og rekkjefølgja som er fastsett i vedlegg II.
3. Alle opplysningane som er nemnde i dette vedlegget, skal prentast eller visast med ein storleik og ein skrifttype som gjer dei lette å lese.

VEDLEGG V

Framgangsmåte for verifisering for marknadstilsynsføremål

For å kontrollere at dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4, er oppfylte, skal styresmaktene i medlemsstatane utføre prøving av éi hushaldsvaskemaskin. Dersom dei målte parametranne ikkje er i samsvar med dei verdiane som leverandøren har opplyst om innanfor dei områda som er fastsette i tabell 1, skal målingane utførast på ytterlegare tre hushaldsvaskemaskiner. Det aritmetiske gjennomsnittet av dei målte verdiane for desse tre hushaldsvaskemaskinene skal vere i samsvar med dei verdiane som leverandøren har opplyst om innanfor dei områda som er fastsette i tabell 1, bortsett frå når det gjeld energiforbruk, der den målte verdien ikkje skal overstige den nominelle verdien E_t med meir enn 6 %.

I motsett fall skal denne modellen og alle andre tilsvarende hushaldsvaskemaskinmodellar reknast for ikkje å oppfylle dei krava som er fastsette i artikkel 3 og 4.

Styresmaktene i medlemsstatane skal nytte pålitelege, nøyaktige og reproduserbare målemetodar som byggjer på dei nyaste allment sannkjende metodane, medrekna metodar som er fastsette i dokumenta der referansenummera er offentleggjorde for dette føremålet i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Tabell 1

Målt parameter	Verifiseringstoleransar
Årleg energiforbruk	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien(*) for AE_C med meir enn 10 %.
Energiforbruk	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien for E_t med meir enn 10 %.
Programtid	Den målte verdien skal ikkje overstige dei nominelle verdiane for T_t med meir enn 10 %.
Vassforbruk	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien for W_t med meir enn 10 %.
Restfuktinnhald	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien for D med meir enn 10 %.
Sentrifugeringstal	Den målte verdien skal ikkje liggje meir enn 10 % under den nominelle verdien.
Effektforbruk i avslått tilstand og ikkje-avslått tilstand	Den målte verdien for effektforbruket P_o og P_l på over 1,00 W skal ikkje overstige den nominelle verdien med meir enn 10 %. Den målte verdien for effektforbruket P_o og P_l på 1,00 W eller lågare skal ikkje overstige den nominelle verdien med meir enn 0,10 W.
Tidslengda i ikkje-avslått tilstand	Den målte verdien skal ikkje overstige den nominelle verdien for T_t med meir enn 10 %.
Utslepp av luftboren akustisk støy	Den målte verdien skal vere i samsvar med den nominelle verdien.

(*) «Nominell verdi» er ein verdi som leverandøren har opplyst om.

VEDLEGG VI

Energieffektivitetsklassar og sentrifugeringsevneklassar

1. ENERGIEFFEKTIVITETSKLASSAR

Energieffektivitetsklassen til ei hushaldsvaskemaskin skal fastsetjast på grunnlag av energieffektivitetsindeksen (*EEI*) for maskina, slik det er fastsett i tabell 1.

Energieffektivitetsindeksen (*EEI*) for ei hushaldsvaskemaskin skal fastsetjast i samsvar med nr. 1 i vedlegg VII.

Tabell 1

Energieffektivitetsklassar

Energieffektivitetsklasse	Energieffektivitetsindeks
A+++ (mest effektiv)	$EEI < 46$
A++	$46 \leq EEI < 52$
A+	$52 \leq EEI < 59$
A	$59 \leq EEI < 68$
B	$68 \leq EEI < 77$
C	$77 \leq EEI < 87$
D (minst effektiv)	$EEI \geq 87$

2. SENTRIFUGERINGSEVNEKLASSAR

Sentrifugeringsevneklassen til ei hushaldsvaskemaskin skal fastsetjast på grunnlag av restfuktinnhaldet (*D*), slik det er fastsett i tabell 2.

Restfuktinnhaldet (*D*) til ei hushaldsvaskemaskin skal fastsetjast i samsvar med nr. 3 i vedlegg VII.

Tabell 2

Sentrifugeringsevneklassar

Sentrifugeringsevneklasse	Restfuktinnhald (%)
A (mest effektiv)	$D < 45$
B	$45 \leq D < 54$
C	$54 \leq D < 63$
D	$63 \leq D < 72$
E	$72 \leq D < 81$
F	$81 \leq D < 90$
G (minst effektiv)	$D \geq 90$

VEDLEGG VII

Metode for utrekning av energieffektivitetsindeks, årleg vassforbruk og restfukttinhald

1. UTREKNING AV ENERGIEFFEKTIVITETSINDEKS

Ved utrekninga av energieffektivitetsindeksen (*EEI*) for ein hushaldsvaskemaskinmodell vert det vegne, årlege energiforbruket til ei hushaldsvaskemaskin ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full og halv maskin og ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin, jamført med det årlege standardenergiforbruket til maskina.

- a) Energieffektivitetsindeksen (*EEI*) vert utrekna på følgjande måte, og avrunda til éin desimal:

$$EEI = \frac{AE_C}{SAE_C} \times 100$$

der:

AE_C = det årlege energiforbruket til hushaldsvaskemaskina,

SAE_C = det årlege standardenergiforbruket til hushaldsvaskemaskina.

- b) Det årlege standardenergiforbruket (SAE_C) vert utrekna i kWh/år på følgjande måte, og avrunda til to desimalar:

$$SAE_C = 47,0 \times c + 51,7$$

der:

c = den nominelle kapasiteten til hushaldsvaskemaskina ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, eller standardprogrammet for bomull ved 40 °C med full maskin, alt etter kva som er lågast.

- c) Det vegne, årlege energiforbruket (AE_C) vert utrekna i kWh/år på følgjande måte, og avrunda til to desimalar:

$$i) \quad AE_C = E_t \times 220 + \frac{\left[P_o \times \frac{525\,600 - (T_t \times 200)}{2} + P_l \times \frac{525\,600 - (T_t \times 200)}{2} \right]}{60 \times 1\,000}$$

der:

E_t = det vegne energiforbruket,

P_o = den vegne effekten i «avslått tilstand»,

P_l = den vegne effekten i «ikkje-avslått tilstand»,

T_t = den vegne programtida,

220 = det samla talet på standardvaskesyklusar per år.

- ii) Dersom hushaldsvaskemaskina er utstyrt med eit straumsparingssystem som gjer at maskina automatisk går tilbake til «avslått tilstand» etter at programmet er avslutta, vert det vegne, årlege energiforbruket (AE_C) utrekna slik at det vert teke omsyn til den effektive tidslengda i «ikkje-avslått tilstand», i samsvar med følgjande formel:

$$AE_C = E_t \times 220 + \frac{\{(P_t \times T_t \times 220) + P_o \times [525\,600 - (T_t \times 200) - (T_t \times 200)]\}}{60 \times 1\,000}$$

der:

T_t = tida i «ikkje-avslått tilstand».

- d) Det vegne energiforbruket (E_t) vert utrekna i kWh/år på følgjande måte, og avrunda til tre desimalar:

$$E_t = [3 \times E_{t,60} + 2 \times E_{t,60\frac{1}{2}} + 2 \times E_{t,40\frac{1}{2}}]/7$$

der:

$E_{t,60}$ = energiforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin,

$E_{t,60\frac{1}{2}}$ = energiforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin,

$E_{t,40\frac{1}{2}}$ = energiforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.

- e) Den vekta effekten i «avslått tilstand» (P_o) vert utrekna i W på følgjande måte, og avrunda til to desimalar:

$$P_o = (3 \times P_{o,60} + 2 \times P_{o,60\frac{1}{2}} + 2 \times P_{o,40\frac{1}{2}})/7$$

der:

$P_{o,60}$ = effekten i «avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin,

$P_{o,60\frac{1}{2}}$ = effekten i «avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin,

$P_{o,40\frac{1}{2}}$ = effekten i «avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.

- f) Den vekta effekten i «ikkje-avslått tilstand» (P_t) vert utrekna i W på følgjande måte, og avrunda til to desimalar:

$$P_t = (3 \times P_{t,60} + 2 \times P_{t,60\frac{1}{2}} + 2 \times P_{t,40\frac{1}{2}})/7$$

der:

$P_{t,60}$ = effekten i «ikkje-avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin,

$P_{t,60\frac{1}{2}}$ = effekten i «ikkje-avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin,

$P_{t,40\frac{1}{2}}$ = effekten i «ikkje-avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.

- g) Den vegne programtida (T_t) vert utrekna i minuttar på følgjande måte, og avrunda til næraste minutt:

$$T_t = (3 \times T_{t,60} + 2 \times T_{t,60\frac{1}{2}} + 2 \times T_{t,40\frac{1}{2}})/7$$

der:

$T_{t,60}$ = programtida ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin,

$T_{t,60\frac{1}{2}}$ = programtida ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin,

$T_{t,40\frac{1}{2}}$ = programtida ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.

- h) Den vegne tida i «ikkje-avslått tilstand» (T) vert utrekna i minuttar på følgjande måte, og avrunda til nærmaste minutt:

$$T_I = (3 \times T_{1,60} + 2 \times T_{1,60/2} + 2 \times T_{1,40/2})/7$$

der:

$T_{1,60}$ = tida i «ikkje-avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin,

$T_{1,60/2}$ = tida i «ikkje-avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin,

$T_{1,40/2}$ = tida i «ikkje-avslått tilstand» ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.

2. UTREKNING AV VEGE, ÅRLEG VASSFORBRUK

- a) Det vegne, årlege vassforbruket (AW_c) til ei hushaldsvaskemaskin vert utrekna i liter og avrunda oppover til nærmaste heiltal:

$$AW_c = W_t \times 220$$

der:

W_t = det vegne vassforbruket,

220 = det samla talet på standardvaskesyklusar per år.

- b) Det vegne vassforbruket (W_t) vert utrekna i liter på følgjande måte, og avrunda oppover til nærmaste heiltal:

$$W_t = (3 \times W_{t,60} + 2 \times W_{t,60/2} + 2 \times W_{t,40/2})/7$$

der:

$W_{t,60}$ = vassforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin,

$W_{t,60/2}$ = vassforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin,

$W_{t,40/2}$ = vassforbruket ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin.

3. UTREKNING AV VEGE RESTFUKTINNHOLD

- Det vegne restfuktinnhaldet (D) til ei hushaldsvaskemaskin vert utrekna i prosent på følgjande måte, og avrunda til nærmaste heile prosent:

$$D = (3 \times D_{60} + 2 \times D_{60/2} + 2 \times D_{40/2})/7$$

der:

D_{60} er restfuktinnhaldet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med full maskin, i prosent og avrunda til nærmaste heile prosent,

$D_{60/2}$ er restfuktinnhaldet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 60 °C med halv maskin, i prosent og avrunda til nærmaste heile prosent,

$D_{40/2}$ er restfuktinnhaldet ved bruk av standardprogrammet for bomull ved 40 °C med halv maskin, i prosent og avrunda til nærmaste heile prosent.